



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
22/248666-2

Dykkar referanse:  
22/196 - 22/94534

Vår dato:  
30.01.2023

### Uttale til offentlig ettersyn & høyring – Detaljreguleringsplan for Sauvågen næring og småbåthamn i Alver kommune – gnr. 203 bnr. 46 mfl. PlanID 46312022003

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 12.12.2022. Saka gjeld offentlig ettersyn og høyring av detaljreguleringsplan for Sauvågen næring- og småbåthamn, gnr. 203/46 mfl. Høyringsfrist er sett til 30.

Planområdet er på om lag 19 daa og ligg ca. 8 km nordaust for Knarvik. Hovudformålet med planen er utviding av næringsareal ved utfylling i sjø og etablering av småbåthamn for 20 båtar. I tillegg skal det etablerast 2 naust. Planen legg ikkje opp til at det kan byggast nye næringsbygg.

Overordna plan for staden er Kommunedelplan for Lindås 2019-2031. Området er i denne planen sett av til næring, LNFR og småbåthamn. Planen ligg delvis under omsynssone for ras- og skredfare og omsynssone for friluftsliv. Området i sin heilheit ligg under omsynssone for ny E39.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksvog. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

## Uttale

Køyremønster knytt til dette planområdet er omtalt i planskildringa s. 29. Her skriv plankonsulent: «Planområdet har tilkomst frå E39, Osterfjordvegen på to stader. Ved Hjelmås, retning Knarvik og ved Hageland, retning Eikangervåg. Sistnevnte med venstresvingfelt. Vi forutsetter en lik fordeling av trafikken inn og ut av området på de to adkomstene. Forbi planområdet tilsier det en framskrevet ÅDT på  $192/2 = 81$ .»

Vegen fram til sjølve planområdet er kommunal. (Kv. 1218) Det er utarbeidd sporingskurver for lastebil og det vert opplyst at utforming av veganlegget ikkje har nokon fråvik frå SVV sine handbøker. Planføresegnene har med seg eit rekkefølgjekrav til ei mindre utbetring av krysset. Statens vegvesen har ikkje nokon særskilte merknadar til dei løysingane for tilkomst som er vist i reguleringsplanen.

Når det gjeld tilrettelegging for mjuke trafikkantar i samband med utviklinga som skal skje innanfor planområdet, merkar vi oss at dette er blitt vurdert til å ikkje vere naudsynt. Kommunen er ansvarleg vegmynde på kommunal veg. Realisering av reguleringsplanen genererer kanskje ikkje store mengder trafikk, men tilhøva langs kommunal veg er heller ikkje tilfredsstillande. Bildet under er henta frå Google MAPs (juni 2022). Det illustrerer at det er behov for tiltak enkelte stader.



Før slutthandsaming bør Alver kommune gjere ei vurdering av om det er forsvarleg å opne for trafikkauke utan at det må gjerast nokon utbetringar som tryggar tilhøva for born og andre mjuke trafikkantar som bur og skal ferdast i dette området.

Eigedommen er omfatta av bandleggingszone for kommunedelplan for E39 Flatøy- Eikefet tunnelen. Ved varsel om oppstart uttalte SVV at vi ikkje kan sjå at planarbeidet kjem i konflikt med planen for ny E39. På side 36 i planskildringa skriv plankonsulent «*Planframlegget set ikkje omsyna bak omsynszone for ny E39 til side.*» Med utgangspunkt i dette har vi ikkje særskilte merknader til planframlegget som no er sendt på høyring.

Transportforvaltning  
Med helsing

Kjell Erik Myre  
fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER